OPERA NORDFJORD 25 ÅR 1998–2023

URPREMIERE 04.10.23

# Soga om Sol

Ein nyskriven utvandrarmusikal

Libretto: Øystein Wiik - Musikk: Gisle Kverndokk



Framsyningar: 04.10., 06.10., 07.10.,08.10., 11.10., 13.10., 14.10., 15.10. i Operahuset Nordfjord

SparebankenVest

VEIR

# Kjære publikum



Etter 25 eventyrlege år med Opera Nordfjord er tida komen for å TAKKE - og takkelista er uendeleg lang akkurat i år! Den omfattar spesielt alle dugnadsarbeidarane våre, som lojale har stilt opp og laga kulissar, sydd kostyme, lagt sminke og styrt med hår, organisert parkering og garderobe, vore vertskap og servert forfriskningar – nokre av dei i 25 år. For ei gåve det har vore å samarbeide med så mange fantastiske tusenkunstnarar frå bygdene våre, som villig har stilt sine evner og si arbeidskraft til teneste for operaen vår!

Vi takkar hjarteleg våre sponsorar, lokalpolitikarar, fylkespolitikarar og kulturdepartementet for at de alle har bidrege til utvikling, vekst og aktivitet gjennom 25 år – dykkar hjelp og støtte har vore heilt uvurderleg! Ikkje minst må eg få takke vårt fantastiske styre, som omfattar styreleiarar og styremedlemmar gjennom alle desse åra, som både har heia fram kunstnariske val og gitt litt motstand når det har vore naudsynt!

Samarbeidet med yrkesfag ved Eid vidaregåande skule har vore ein draum for oss, vi er skulen stor takk skuldig for alt de har bidrege med sidan 2005, då vi hadde vårt aller første samarbeid med *Rigoletto*.

Vi har lett for å gløyme dei første 11 åra i aulaen på Fjordane Folkehøgskule – men det har ikkje eg! Det var der vi etablerte distriktsoperaen vår og opplevde vår første barndom og skapte dei første, magiske stundene for vårt publikum. Og så vart det sjølvsagt ei ny tidsrekning i den nye heimen vår, Operahuset Nordfjord, då det opna i 2009. For ei glede vi kjende på, då vi hadde vår aller første operapremiere på *Carmen* i vårt eige operahus i 2009, med H.M. Dronninga til stades!

Gjennom alle desse åra har nokre av våre eldsjeler gått bort og nye har komme til. Ikkje minst har vi med stor glede følgt born og unge, som har fått den første, magiske kjensla av å stå på ei scene og formidle noko vakkert, morosamt eller mektig – og bli kjende med Puccini sin vakre *Madama Butterfly* og for evig og alltid elske duetten mellom Cio-Cio-San og Pinkerton - eller bli rysta inn i sjela av Dies Irae i Verdis *Requiem* – og aldri bli den same igjen. Eller å få oppleve den elleville gleda av å få høyre favoritt-spelmusikken, når Aria frå dataspelet *Final Fantasy VI* blir sunge som ekstranummer, og ein ung mann i ruta flanellskjorte, briller og skjegg blir så begeistra over å få oppleve det aller vakraste frå si eiga magiske spel-verd, med fullt symfoniorkester, at han går hen og kjøper seg fiolin som 32-åring og lærer seg å spele fiolin. Eg tek på meg litt av skulda – og noko av æra - for at han no spelar 2. fiolin i Agder Kammerorkester! Vi er heller ikkje så lite stolte av mange av dei unge aktørane på scena, som delvis har vakse opp i Opera Nordfjord, og som no – nokre av dei – er profesjonelle kunstnarar. Dei har jobba hardt og målretta, men vi tillet oss å sole oss bittelitt i glansen, fordi vi fekk lov til å vere med eit lite stykke på vegen.

Gjennom 25 år har vi av og til vore litt ekstra modige og tinga ny scenekunst for akkurat oss, som fotballoperaen *Norge-Brasil, ein opera* i 2010, eller sildeoperaen *Sildagapet* i 2017. Det har vore stor stas og ekstra spennande, med stor begeistring frå eit nysgjerrig publikum. Så no syntest vi at det var på tide igjen! Stor takk til tidlegare styremedlem Arne Sølvberg, som meinte at no måtte vi snart lage ein utvandrar-opera. Og slik vart det. Vi er takksame for det gode og nære samarbeidet vi har hatt med Øystein Wiik og Gisle Kverndokk når vi har planlagt årets tingingsverk, musikalen *Soga om Sol*. Vi har blitt veldig glade i Sol og heile den nye familien hennar, når ho bryt opp frå heimen i Nordfjord og reiser til Amerika for å lage ei ny framtid for seg og for sitt ufødte barn. Vi møter menneske som er utstøytte frå samfunnet av forskjellige grunnar, enten det skuldast utsjånad, sivil stand eller klasse, men dei finn saman i respekt og kjærleik for kvarandre. Vi må gjerne late oss inspirere!

Det er lett å tenke stolt om forfedrane våre, at dei var modige som braut opp og flytta av naud og i desperasjon, for å skape eit nytt liv til seg sjølv eller familien. Det er akkurat det same som skjer i dag, berre den andre vegen. Når vi sit trygt i vår velstand med fred og fridom, er det veldig lett å vise til Utlendingslova og å *«…tåle så inderlig vel den urett som ikke rammer deg selv.»*. Kanskje kan vi få ei ny forståing og medkjensle for våre medmenneske som kjem frå framande kulturar, når dei kjem til vår landegrense og vil inn? Hadde vi kome med ei lita løgn om kva land vi kom i frå, eller kor gamle vi var, om det ville redde familien vår? Det trur eg at eg hadde gjort, og det kan vi tenke på når Sol – så vidt det er – får sleppe inn i det lovade landet og får sin sjanse.

I 2025 er det 200 år sidan dei første emigrantane reiste frå Noreg til Amerika. Vi foregrip jubiléet eit par år før tida med vår *Soga om Sol* og minnast og ærar dei som reiste – og dei som kom heim!

Takk for at de har vore med på ferda i 25 år – og velkomen med på reisa vidare til nye operaeventyr!

Med beste helsing
Kari Standal Pavelich,
*operasjef*

# Soga om Sol

Ein utvandrarmusikal i 2 akter
Libretto: Øystein Wiik - Musikk: Gisle Kverndokk

## Kunstnarisk/teknisk team

Regissør/musikalsk leiar: **Michael Pavelich**

Scenograf/rekvisitør: **Anndi Daleske Bergset**

Kostymedesignar: **Heidi Kverndokk**

Koreograf/regiassistent: **Gard Hjertaas Bjørnson**

Lysdesignar: **Ovar Holmen**

Maskør: **Hege Ramstad**

Produksjonsleiar kostyme: **Anne Gotaas**

Lydteknikar: **Stig Aron Kamonen**

Inspisient: **Alice Strøm Nilssen/Gard Hjertaas Bjørnson**

Scenemeister: **Ine Nord**

Repetitør: **Andreas Løken Taklo**

Rekvisitørassistent: **Adrian Haustveit Kronstad**

## Rolleliste

Sol/Sol Emilie som ungdom: **Ingrid Tykhelle Kayser**
Emil: **Eirik Risholm Velle**
Danny Gold: **Kim Helge Strømmen**
Bob: **Erlend Ona Gjul**
JoJo: **Simon Standal Pavelich**
Mary Ann Evans: **Runa Bergem**
Unzi: **Sunniva Honningsvåg**
Little Christ: **Håkon Bøen**
Florence: **Sol Alme Brendefur**
Gail: **Ane Fitje Woxen**
Dr. Irving/ Caruso: **Eivind Kandal**
Ellen Arlington: **Martha Standal Pavelich**
Gyda Storhaug: **Torunn Lødemel Stokkeland**
Asbjørn Storhaug: **Ole Morten Vik**
Olga Siljegard: **Rønnaug Torheim**
Torkel Siljegard: **Trond Haavik**
Presten/Tysk soldat: **Endre Aaberge Dahl**
Solodansar/Ensemble: **Thea Bjørhovde Mavropoulou**
Gamal Nils/Benjamin Strauss: **Jon Sverre Arnestad**
Sersjant Mills/Lensmann Eide: **Håvard Furnes**
Jente på båten/Gatefeiar: **Maja Kvalsvik haugen**
Målar/Ranar: **Truls Bakke Flåm**
Pianist/Kyrkjetenar: **Henrik Bjørlo**
Sol Emilie som barn: **Agnes Kayser-Husbyn**

*Merk: Dei fleste aktørane har fleire roller enn dei som er nemnde i rollelista.*

# Øystein Wiik fortel om handlinga i Soga om Sol

*Soga om Sol* er historia om to unge menneske frå Nordfjord, Emil Spelemann og Sol Siljegard, som reiser til Amerika for å skape seg eit betre liv. Å avsløre alle detaljane i historia på førehand vil øydelegge spenninga, men vi kan gi dykk dei overordna linjene, og de får sjå korleis det går.

## Akt I

Året er 1915. Emil er ein omstreifar og spelemann som vaks opp på «Englefabrikken», ein barneheim i bygda. Mennene i dalen mobbar Emil Spelemann, dels fordi jentene deira elskar musikken hans, men også fordi han drøymer om å bli ein anerkjend spelemann i Amerika.

Sytten år gamle Sol var odelsdotter, men harde tider, gjeld og høge skattar tvinga foreldra hennar til å selje garden og flytte til ein husmannsplass. Sol sin far pressar henne til å ta arbeid hos dei nye eigarane, Asbjørn og Gyda Storhaug. Sol ber på ei tung sorg. I løyndom har Asbjørn forgripe seg på henne, og no ventar ho barnet hans. Asbjørn si kone, Gyda, trugar Sol og forlangar at ho reiser bort, og når barnet er født, skal ho gi det frå seg til Gyda. Sol fryktar at Gyda vil ta livet av barnet.

Ho vågar ikkje å fortelje foreldra sine om det som har skjedd, og ho ser inga anna løysing enn å ta sitt eige liv. Akkurat då ho skal kaste seg utfor den høgaste fjelltoppen i dalen, blir ho redda av Emil Spelemann, som ofte prøver ut nye spelemannsslåttar frå same fjelltoppen. Det er siste gongen han er der før han reiser til Amerika. Når Emil forstår korleis det står til med Sol, vågar han ikkje å la henne vere åleine der oppe. Ho vil ikkje gå heim, og ho kan heller ikkje love at ho ikkje tek livet sitt straks han går sin veg. Emil får ein vill idé: Kva om ho blir med han til Amerika? Først seier ho nei, men Emil insisterer. I ly av natta seglar dei med ei fiskeskøyte til Bergen for å ta dampskipet til New York. Det er ei dragning, ein spirande kjærleik, kanskje, mellom dei to ungdommane. Emil, som aldri har hatt ein familie, har plutseleg fått nokon å ta seg av, å vere glad i. At han ikkje er far til barnet, ser han på som ein bagatell. Dei er no ein familie, dei to og det ufødde barnet deira.

I Bergen handlar dei alt dei treng til ferda over havet og til barnet dei ventar. Emil har alt sikra seg plass på båten, men når han skal kjøpe billett til Sol, får dei vite at dampskipet forlot Bergen dagen før. No må han kjøpe nye billettar til dei begge to, med ein gammal skonnert, og dermed har han berre tretti dollar att. Det er den summen styresmaktene i Amerika krev av kvar person som vil inn. Korleis han skal skaffe tretti dollar til, har han ikkje noko svar på.

## Akt II

Ferda over havet blir hard. Det bryt ut nervefeber om bord, og Sol vert alvorleg sjuk. Igjen er det Emil som reddar livet hennar, med omsorg og pleie. No skriv han ein song som han er sikker på vil bli ein hit i Amerika. Når dei kjem fram, vil han gå rett til slagerfabrikken i New York, «Tin Pan Alley», for å selje songen og bli rik.

Snart dukkar New York opp i horisonten, og seglskuta nærmar seg Ellis Island, mottakssenteret for innvandrarar. Her vert det avgjort om ein slepp inn i landet eller vert sendt tilbake. Emil har tatt ei avgjerd. Han gjev Sol dei tretti dollarane og songen, «Happy tune», som han har skrive, med beskjed om å gå til Tin Pan Alley med han. Sol vert redd. Kva er det han har føre? Emil svarar ikkje på det, men seier at om dei skulle skiljast frå kvarandre, skal dei møtast ved St. Paul´s kapell på Broadway. Før nokon får sukk for seg, hoppar han over bord for å symje til fastlandet, slik nokon har gjort det, i håp om å kome seg inn utan pengar. Sol er sikker på at Emil har drukna. Ute av seg av sorg og fortviling, består ho ikkje prøvene for å sleppe inn og får beskjed om at ho vert sendt tilbake til Nordfjord. I denne augneblinken gjer Danny Gold entré. Ein sjarmerande og lett lurvete teaterprodusent og manager. Han fell pladask for Sol. Han legg merke til at ho har ei vakker røyst og lovar at han kan få henne inn i landet, dersom ho vil synge i showet hans. Ved hjelp av ein korrupt tilsett ved mottakssenteret, rekrutterer Danny sitt ensemble blant dei som ikkje får innvilga opphald. Han driv med «side show», eit slags varietéteater, der mellom anna verdas høgaste kvinne, sveitsiske siamesiske tvillingar, menn med ulvepels, knivkastarar, Kristus-kopiar og slangemenneske opptrer. Danny vil at Sol skal vere hovudattraksjonen, den norske nattergalen.

Sol takkar nei. Ho har ein som ventar på henne, ved St. Paul's kapell på Broadway. Danny seier at ho kjem ikkje inn utan han, men ho kan gjerne leite etter vennen sin, og om han ikkje dukkar opp, har ho jobb hos Danny Gold. Sol er takksam for tilbodet, og Danny Gold er allereie forelska og lovar henne karriere på Broadway. Emil kjem ikkje, og Sol har ikkje anna val enn å takke ja til Danny sitt tilbod.

Frå no av vert Danny's fargerike ensemble, eit stykke amerikansk utanforskap, Sol sin nye familie. Saman med Mary Ann, Florence og Gale, Little Christ og JoJo the dogface, bur og arbeider ho på det nedslite teateret Danny har leigd.

Heime i Nordfjord har dei gjeve opp å finne Sol. Dei har gått manngard, dei har leita etter henne, utan hell. Foreldra sørgjer, Asbjørn og Gyda gjer kva dei kan for å skjule sine spor.

På sjølve premieren til Danny's nye show dukkar ein skummel type opp, Bob frå Ellis Island, mannen som har hjelpt Danny Gold med å føre folk ulovleg i land. Han vil ha lønna si no, men Danny er blakk og kan ikkje betale. Bob trugar Danny, men vert jaga av ensemblet med Mary Ann, verdas høgaste kvinne, i spissen. Det siste Bob seier, er at han kjem tilbake, og då skal han

ha pengane sine. Sol går til St. Paul's endå ein gong for å sjå etter Emil. Kyrkjetenaren kjem med eit brev som er kome dit. Det er frå Emil, som fortel at han er i Frankrike i krigen. Då han sumde i land, blei han tatt av hæren og sendt til Europa for å slåst.

Under neste framføring får Sol ei uvelkjensle, og dei må avbryte resten av framsyninga. Ein lege som er i salen undersøker Sol, og ho får beskjed om at ho er for sjuk til å føde barnet ho ber på og risikerer å døy.

Ein impresario oppsøker Danny Gold med eit tilbod til Sol. Han vil at ho skal spele hovudrolla i ein stor Broadway-musikal. Danny ser moglegheitene for pengar og inngår ein avtale som sikrar han store inntekter. No må han berre overtyde Sol. «Eg lova å gi deg Broadway, » seier han. «Og eg held lovnaden min.» Alt Sol treng å gjere, er å ta abort i løyndom, så får ho sjansen. Men Sol har lova å vente på Emil. Dei skulle stifte familie og få dette barnet saman, og ho kan ikkje bryte lovnaden til han som har berga livet hennar to gonger. Og kva skulle ho seie til Emil, som så gjerne vil bli far? Ho vil ikkje fjerne barnet. Ho har skrive til Emil, men ho har ikkje fått svar. Det ho ikkje veit, er at Emil har skrive brev på brev, som berre har hamna i Danny's lommer. Han seier at Emil sikkert for lengst er død, og at det beste ho kan gjere for seg sjølv, er å gifte seg med han.

Emil vert hardt skada i eit bombeangrep, og vert frakta til eit sjukehus i England. Her svevar han mellom liv og død i fleire veker, medan ein sjukepleiar ved namn Ellen Arlington tek hand om han. Ho forelskar seg og tilbyr Emil ekteskap og eit godt liv. Ho er rik og eig mange eigedomar i England. Men Emil drøymer om Sol og det ufødde barnet.

Snart er tida komen for at ho skal føde. Vil dei to elskande finne tilbake til kvarandre? Vil Sol overleve fødselen? Vil Emil overleve krigen? Dei to må gjennom mange prøvingar. Korleis det går til slutt, vil bli fortalt frå scena av Opera Nordfjord sitt framifrå ensemble i løpet av framsyninga. Vi kan love latter, tårer, spenning og Broadway, for full musikk!

God fornøyelse!

*Øystein Wiik*



# Musikken i Soga om Sol, av Gisle Kverndokk

Det finnes mange historier om utvandringen til Amerika, og ikke alle handler om det harde nybyggerlivet på prærien. Vi ville skrive om de som også dro til storbyene i USA. Mange nordmenn bosatte seg for eksempel i Brooklyn i New York. Og mange hadde en drøm om å slå gjennom på den amerikanske teater- og musikkscenen.

Historien vår utspiller seg etter hvert i New Yorks teatermiljø, og det var her musikalen som teaterform oppstod. Og den ble hovedsakelig skapt av innvandrere. De fleste av de store amerikanske musikalkomponistene kom som innvandrere til Amerika, akkurat som Emil og Sol. De kom hovedsakelig fra Øst-Europa, Irland og Skandinavia. Et mangfold av kulturer bodde sammen i trange leiligheter i Lower East Side på Manhattan. Et eksempel er komponisten Irving Berlin, som skrev noen av de mest kjente og «amerikanske» sangene vi kjenner, som «White Christmas», «There's No Business Like Show Business» og den patriotiske «God Bless America». Irving Berlin var født i Sibir! Og han slo igjennom ved å spille og synge sine sanger i Tin Pan Alley, gata i New York hvor alle musikkforlagene holdt til.

Så det kan godt tenkes at Emil Spelemann og Sol Siljegard kunne slå gjennom på Broadway som komponist og musikalartist. Derfor er min musikk til *«Soga om Sol»* inspirert av både norsk folkemusikk og den amerikanske showmusikken; som ble til av en blanding av europeisk folkemusikk og blues, ragtime og jazz.

Vår musikal starter i Nordfjord, hvor dere kan høre mitt «Nordfjord-tema» først spilt på solo fele. Etter hvert som vi nærmer oss Amerika, kan dere høre musikk inspirert av de store Broadwaykomponistene. Emils sang «Happy Tune» er en sang som kunne ha vært skrevet på den tida, tidlig på 1900-tallet. Den blir en gjennomgangsmelodi i stykket: Den fødes, vokser og utvikler seg gradvis, fra en klimprende Emil ombord i skuta på vei til Amerika, til et stort produksjonsnummer i slutten av stykket; med barbershopkvartett, innspilling med stjernetenoren Caruso og til slutt hele New York som synger sangen.

Musikalen vår handler også om hvor viktig familien er for oss. Det finnes flere typer familier. Den familien man er født inn i, og den familien man finner på sin vei i livet. Sol finner en ny familie i New York, som støtter henne og viser henne omsorg. Vi har laget en sang om samhold, en melodi som oppstår i andre akt, og som gjentas flere ganger av Sols nye familie.

Slik er musikken bygget opp, med ledemotiver som representerer karakterene, følelsene og situasjonene. Dette blir til en musikalsk reise fra Nordfjord over havet til New York, med dramatikk, romantikk, humor og show!

God fornøyelse!

Gisle Kverndokk
*Komponist*



# Helsing frå Michael Pavelich



Kjære publikum,

I Soga om Sol opplever vi historia om ei ung, norsk jente som reiser til Amerika utan å vite kva hennar skjebne vil bli. Mi personlege historie handlar om ein (ikkje så ung) amerikanar, som reiser til Noreg, utan å vite kva som vert hans skjebne. Ei reise som eg trudde berre skulle vare eit par år har blitt eit 34 år langt eventyr for meg. Og sjølv om eg har hatt ein fin karriere som songar, skodespelar og musikklærar, har den mest fantastiske erfaringa vore å oppleve den usannsynlege etableringa av eit operaselskap her i Nordfjord!

Kari sin draum har ført til at eg har fått lov til å utvikle meg som musikar og operadirigent. Eg er spesielt stolt av at vi, i tillegg til å framføre ein stor del av standardrepertoaret innan operalitteraturen, har iscenesett fire verdspremierar og to noregspremierar.

Ein viktig prioritet for meg som kunstnarisk leiar har alltid vore å nytte norske songarar, spesielt dei unge, i tillegg til alle våre fantastiske lokale krefter i operakor og ballett. Eg kan ikkje få gitt nok heider og ære til alle dei frivillige som har halde denne draumen levande alle desse åra; vi kunne ikkje ha gjort det utan dykk! Til alle våre kunstnariske team, solistar og orkestermusikarar eg har samarbeidd med gjennom 25 år må eg få uttrykke mi store beundring og takksemd for at de har fått oss til å høyrest og sjå så bra ut!

Om nokre få korte månader fyller eg 70 år. Eg har bestemt meg for at tida er komen for å gi plass til ein yngre generasjon dirigentar ved operaen vår. Difor vil denne spesielle og på mange måtar utfordrande musikalen bli min siste sceneproduksjon for Opera Nordfjord.

Takk igjen til alle som har gjort «the impossible dream» mogleg (spesielt Kari!). Og takk til alle som kjem på framsyningane våre – enjoy the show!

Michael Pavelich
*Kunstnarisk leiar*



# Helsing frå Per Morten Ekerhovd



Opera Nordfjord 25 år!

At ein kulturinstitusjon kan feire 25 år er ikkje sjølvsagt. At det gjeld eit operaselskap gjer ikkje åremålet mindre imponerande. Noko av det beste kulturlivet gjer, er å skape opplevingar som utviklar oss som menneskje. Opera på sitt beste er sånn. Vi vert løfta opp, hentar fram kjenslene, og lar oss underhalde på same tid. Her ligg grunngjevinga for kvifor vi skal satse på kultur. Slike resultat kjem ikkje av seg sjølv. Nokon må våge å gå først. Kanskje hadde ikkje alle trua på opera i folkemusikken sitt kjerneområde då Kari Standal Pavelich og Michael Pavelich fekk ideen?

Men, på Eid var det vågemot og skaparkraft. I løpet av 25 år har det utvikla seg eit musikkliv i spennet mellom sterke profesjonelle miljø og gode lokale krefter. Det er berekraftig som berre det og skaperfantastiske resultat. Den lange rekka av produksjonar er beviset på at det finst eldsjeler, pasjon og vilje i operaselskapet.

Det har grodd godt rundt operaen. Verksemda engasjerer folk i heile distriktet og lenger i frå, som deltakarar og publikum. Operaen er for alle. Og, lista over unge musikktalent som tek steget frå smeltedigelen på Eid og ut i verda er lang. Etter etableringa av Vestland i 2020 sette institusjonen raskt nordre luten av fylket på kartet. Fylket er kjenneteikna av eit rikt kunst- og kulturliv, i bygd og i by. Nordfjord er eit av dei viktigaste nava for vidare utvikling.

Vi får tru at det også i åra som kjem vil strøyme på med gode produksjonar, flinke songarar og fornøgd publikum. Tusen takk til dei som har brukt kunstnarleg kraft, kunnskap, handverk, nettverk, fritid og pengar på opera i desse åra.

Til lukke med åremålet!

Per Morten Ekerhovd,
*avdelingsdirektør*
*Avdeling for kultur og folkehelse*
*Vestland fylkeskommune*

# Helsing frå Randi Stene



Kjære Opera Nordfjord – et stort gratulerer!

Det er rett og slett så imponerende hva dere har fått til i løpet av disse 25 årene. Det grundige og kreative arbeidet med hoved-produksjonene, som hver gang holder et høyt kunstnerisk nivå, sammen med det omfattende samarbeidet dere har med unge – og ikke minst frivillige – gjør at Opera Nordfjord er et fantastisk velfungerende operaselskap.

Det fikk vårt publikum oppleve da dere besøkte oss i Bjørvika med *Mannen frå La Mancha* i 2022. Vi setter pris på samarbeidet og kontakten med dere, og fryder oss over at operasjangeren lever og vokser over hele landet vårt.

Opera må drives av en enorm kraft, engasjement og vilje for å ta sin plass i verden. Kari og Michael – dere har skapt og drevet Opera Nordfjord i 25 år – og uten dere to hadde ikke noe av dette utrolige blitt til. Men med slike ildsjeler som elsker opera, da blir det umulige mulig.

Igjen:  gratulerer med jubileet og lykke til med alt det spennende som skal skje i jubileumssesongen!

Vennlig hilsen fra Randi – og alle oss i Den Norske Opera & Ballett.

Randi Stene
*operasjef/artistic director*
*Den Norske Opera & Ballett*

# Helsing frå Kari Elisabet Bekken



GRATULERER fra alle oss i Opera Norge!

OperaNorge består av 21 medlemmer spredt over hele landet. Den Norske Opera & Ballett, regionoperaene, distriktsoperaene og en rekke andre operaaktører er medlemmer i foreningen. Foreningens formål er å ivareta medlemmenes felles interesser og behov samt fremme de synspunkter som til enhver tid er representative for medlemmene.

Videre skal vi fremholde musikkteatrets kunstneriske verdier og pedagogiske muligheter, arbeide for økt aksept for operakunstens rolle i kulturlivet samt bygge kompetanse blant medlemmene.

Forløperen til Opera Norge er «DoN», Distriktsopera Norge, som ble etablert på samme tid som Opera Nordfjord. Opera Nordfjord med Kari Pavelich i spissen har vært sentral i dette nettverket helt fra starten. Kari satt i det første styret, og har siden hatt flere perioder i styret og valgkomité.

På Opera Nordfjords 25-årsjubileum har de sin fjerde urpremiere! I tillegg har de hatt en rekke norgespremierer. Det er ikke mange som kan skilte med samme meritter, selv om det i år er rekordår med urpremierer i nettverket: hele 6 nyskrevne operaer! I kveld er du publikum på en av disse historiske hendelsene. Vit da at det er svært mye arbeid som ligger bak dette. Ikke bare selve oppsetningen som har flere års forarbeid, men for å være i stand til å lage en slik produksjon – og særlig en uroppsetning – forutsetter det mange års utviklingsarbeid med kunstnere, organisasjon, finansiering, logistikk og mye mere! Medlemmene støtter hverandre i dette utviklingsarbeidet og har hyppig kontakt om små og store saker. Det kan være lån av utsyr, deling av dokumenter, referanser og tips om kunstnere og ikke minst drøfting av vanskelige saker. Ekstra hyggelig er det å vite at det er noen fra nettverket i salen når vi har premiere, da kjenner vi støtten og forståelsen for hva som kreves.

Opera Norge er stolte av og imponert over Opera Nordfjord. På vegne av alle oss i «familien» roper jeg ekstra toi toi toi for *Soga om Sol* og gratulerer med 25-års jubileum!

Kari E. Bekken
*styreleder Opera Norge*

# Helsing frå Gunnar Silden



Opera Nordfjord fyller 25 år i år og har gitt oss mange sterke og gode opplevingar sidan starten for tjuefem år sidan. Takk til Kari og Michael Pavelich som drøymde stort. Dei har vore ei unik drivkraft for operaen i alle åra den har eksistert, og har saman med eit stort arbeidslag med ivrige frivillige lagt ned enormt med timar for å underhalde folk i regionen med opera og musikalar i særklasse! Det engasjementet for opera og scenekunst som Kari og Michael har klart å skape blant innbyggarane i Nordfjord og nærliggande regionar i dei 25 åra som har gått, er ikkje anna enn einestående og fantastisk. Det å sitte i operasalen å få oppleve song og musikk på eit nivå som ein stort sett berre får oppleve på større plassar, er i seg sjølv ein stor oppleving som alle bør få med seg. Den tette stemninga og forventinga som er i salen før forestillingane startar, er ei god kjensle i seg sjølv. No gler vi oss stort til å oppleve den nyskrivne musikalen for «bursdagsbarnet», *Soga om Sol*, som har premiere 4. oktober. Ei sterk og nær historieforteljing om utvandringa frå Nordfjord til Amerika på starten av 1900-talet, inspirert av ein spennande eventyrar frå Nordfjord. Igjen løftar Opera Nordfjord fram viktige forteljingar frå vår eiga historie, som for mange av oss er i ferd med å forsvinne. Med lokale krefter i hovudroller og som statistar har Opera Nordfjord igjen klart å skape eit musikalsk drama på ein fortreffeleg måte! Den 4. oktober har utvandrarmusikalen urpremiere, med H.M. Dronning Sonja av Noreg i salen, noko som fortel oss at dette blir av kongeleg kvalitet.

Vi ynskjer den flotte og stolte jubilanten lukke til med Operavekene og feiringa i jubileumsåret 2023!

Gunnar Silden
*Ordførar i Stad kommune*

# Medverkande

## Øystein Wiik og Gisle Kverndokk libretto/musikk

Øystein Wiik og Gisle Kverndokk er eitt av Europas mest aktive og suksessfulle komponist-/librettist-team. Deira musikalar og operaer vert jamleg spelt på scener i Tyskland, Østerrike, Sveits, USA og Noreg.

Deira første samarbeid var musikalen *Sofies verden*, uroppført ved Ettlingen Schlossfestspiele i 1998. Den norske premieren var i 1999 på Hangar 4, Fornebu, eit teater spesielt bygt for anledninga. Så følgde *Vincent van Gogh* (Ettlingen Schlossfestspiele, 2001), *Farlige forbindelser* (Theater Pforzheim, 2002), *Frendelaus* (Det Norske Teatret, 2003), *Martin L.* (Domstufen Festspiele, Erfurt, 2008) operaen *Jorden rundt på 80 dager* (Nasjonaloperaen i Oslo, 2010), *Max and Moritz* (New York Opera Society, 2010), *Dickie Dick Dickens* (Bårdar Akademiet, Oslo, 2012), *Supersize Girl* (New York Opera Society, 2013), musikalen *Jorden rundt på 80 dager* (Landestheater Linz, 2016) og *Rosens navn* (Domstufen Festspiele, Erfurt, 2019). Våren 2022 hadde musikalen *Fanny and Alexander* urpremiere ved Landestheater Linz, og familiemusikalen *Trolle unter uns* ved Luisenburg Festspiele i Wunsiedel. For *Martin L.* blei Wiik og Kverndokk nominerte til Nordisk Råds Musikkpris. Dei har også vunne fleire prisar ved den tyske og østerrikske musikkteaterprisen.

## Øystein Wiik



Øystein har hatt ei lang karriere som songar og skodespelar i inn- og utland. Han er også forfattar av ei rekkje kriminal-romanar, filmmanuskript og songtekstar.

## Gisle Kverndokk



Gisle har i tillegg til musikkteater ein stor produksjon av orkestermusikk, kammermusikk og musikk for scene og film.



## Michael Pavelich regissør/musikalsk leiar

Michael Pavelich kjem frå Flint i Michigan i USA og er kunstnarisk leiar i Opera Nordfjord. Han er utdanna songar og dirigent ved The University of Michigan og var saman med kona Kari ein av initiativtakarane til Opera Nordfjord, der han dei to første åra var tenorsolist. Sidan 2000 har han hatt den musikalske leiinga i samtlege produksjonar. Våren 2009 sette han opp konsertversjonen og verdspremieren av operaen *Tyrfing* av Johannes Haarklou under opninga av Operahuset Nordfjord. Pavelich har elles hatt dirigentoppdrag for m.a. Oslo Operafestival, Flagstadfestivalen, Operaen i Kristiansund, Ringsakeroperaen, Ålesund Symfoniorkester, Sogn og Fjordane Symfoniorkester og Symfoniorkesteret ved Høgskulen i Volda.

Frå 2006 til 2020 hadde MIchael det kunstnariske og musikalske ansvaret for dei årlege skulemusikalane ved Eid vidaregåande skule, med regi på m.a. *Oliver, Grease, Rent, Hairspray, Legally Blonde, Sweeney Todd, West Side Story, Back to the 80's, Spelemann på taket, Oklahoma, Skjønnheten og udyret* og *Little Women*. I Opera Nordfjord har Michael hatt regi på operaene *Madama Butterfly* og *Søner av Sola (I Puritani)* og familiemusikalane *The Sound of Music, Du er god, du, Charlie Brown* og *Annie*. Michael ser tilbake på 25 år i Opera Nordfjord med stor takksemd og glede.

## Anndi Daleske Bergset scenograf/rekvisitør



Anndi Daleske Bergset kjem opprinneleg frå USA, men er stolt av sitt doble statsborgarskap. Ho har budd i Noreg i ti år saman med mannen sin på Ulvedal. Anndi fekk sin bachelorgrad i kunsthistorie frå Gustavus Adolphus College i Saint Peter i Minnesota og mastergrad i teaterdesign frå Tulane University i New Orleans i Louisiana. Ho er veldig glad for å få bruke utdanninga si i oppdrag for Opera Nordfjord og har hatt engasjement som rekvisitør ved operaen nesten alle åra ho har vore i Noreg. Ho hadde både scenografi og kostymedesign for *Reisa til Julestjerna* i 2020. Når Anndi ikkje arbeider for operaen om hausten, er ho dagleg leiar for Gjensyn systove i Stryn, med fokus på gjenbruk og integrering.



## Heidi Kverndokk kostymedesignar

Heidi Kverndokk kjem frå Ålesund og er utdanna ved Institutt for Klær og kostyme på KHiO og ved Hochschule der Künste i Berlin. Ho har erfaring innan mote, film og fjernsynsproduksjon og har i ti år vore leiar for fleire kreative produksjonsteam, mellom anna kostymegruppa i NRK og Devold of Norway. Heidi har vore kostymedesigner for Ålesund Kulturskole på *Annie, Peter Pan, Rampelys* og musikalen *Spring Up* samt for *Høydan AS* og *Byspelet* i Ålesund i 2010 og 2011. Vidare har ho hatt kostymedesign på *Borgny-musikalen* om Bybrannen i Ålesund. Ho har vore fast designar på Jugendteateret si årlege oppsetting av *Putti Plutti Pott* med 150 born sidan 2012. Til dagleg er Heidi lærar ved Borgund vidaregåande skule i faga Håndverk, design og produktutvikling 1. år og for designfaga i Søm og tekstilhåndverk 2. år. Teater og kostymearbeid er ein sterk lidenskap i tillegg til full lærarstilling. Å tolke og forstå menneske og skape eigenarta, tydelege karakterar saman med fine folk gir Heidi stor glede, energi og ein meiningsfull kvardag.

## Gard Hjertaas Bjørnson koreograf/regiassistent



Gard har si utdanning frå KHiO med hovudfag i Jazzdans samt PPU frå same skule, og har sidan 2011 arbeidd som frilans dansar. Han har jobba breitt med alt frå TV-produksjonar, eventbasert arbeid, musikalar, det frie feltet, film og reklame. Tidlegare arbeid består av musikalar som *Guys and Dolls* på Oslo Nye, *Singing in the rain* og *CHESS* på Folketeateret, *Cabaret* på Nordland teater og *Billy Elliot* på Sandnes Kulturhus for å nemne nokre.

Han var engasjert i Oslo Danse Ensemble (Noregs einaste kompani for jazzdans) frå 2011 til dei la ned i 2017, og var med på to turnéar med Riksteateret i co-produksjon med ODE. Han har vore ein del av TILT i regi av Pantarei Danseteater, der åtte frilans dansarar byggjer ut kvar sin solo, samt jobbar mot publikumseksponering og eit breiddearbeid for å famne om eit breitt og mangfaldig uttrykk. Bjørnson har medverka i TV-produksjonar som *MGP, The Voice, Skal vi danse* og *Nobels fredspriskonsert*. I 2021 og 2023 hadde han koreografi på *Kristina frå Duvemåla* på Bømlo teater.



## Ovar Holmen lysdesignar

Ovar kjem frå Drammen og har budd i Stad kommune sidan 2009, då han begynte å arbeide for Operahuset Nordfjord, der han er lys- og teknikkansvarleg. Han har tidlegare gjort lysdesign for Opera Nordfjord på *Turandot, The Sound of Music, Du er god, du, Charlie Brown, Sildagapet, Annie, Hans og Grete*, *Mannen frå La Mancha* og *La Traviata*, og har hatt designansvar på alle skulemusikalane ved Eid vidaregåande skule sidan 2009.

## Hege Ramstad maskør



Etter endt utdanning hadde Hege engasjement for NRK og Den Norske Opera & Ballett, før ho i 1999 vart fast tilsett ved Nationaltheatret. Her har ho vore maskør på over 50 framsyningar, mellom anna *De foreldreløse, Eutopi, Jeanne d'Arc, Festen, Byggmester Solness, Speer, Volpone – en komedie uten kjærlighet, En vanlig dag i helvete, En midtsommernatts drøm, Chet spiller ikke her, Abigail's party, Disputten, Holocaustmusikalen, deLillos – livet er en liten dings, Lulu – Pandoras eske, Jo fortere jeg går, jo mindre er jeg, Forelska i Shakespeare, Mysterier, Borkman, Barnet, Jordopphimlesang* og *Den lille prinsen*. Hege har òg vore maskør ved Det norske teatret, Teater Ibsen, Hålogaland Teater, Nordland Teater og Kväniteateret.



## Anne Gotaas tilskjerar og arbeidsleiar kostyme

Anne Gotaas arbeider frilans innan kostymefaget både som designar, tilskjerar, kostymesyar og koordinator. Ho har hatt oppdrag ved fleire operascener i landet og har designa kostyme til framsyningar ved Den Norske Opera & Ballett (turnéversjon av *Hoffmanns Eventyr*), Ringsakeroperaen (m.a. *Cavalleria Rusticana, Grevinne Mariza, Den glade enke, I cancelliraadens dage, Dido & Aeneas*), Teatret Vårt i Molde (*Kjøpmannen i Venedig*), Operaen i Kristiansund (m.a. *Anne Pedersdotter, 7. far i huset, Anna Bolena, Albert Herring, Macbeth*), Trønderoperaen (*Figaros bryllup*), Opera Trøndelag (*Tryllefløyten*) og Opera Nordfjord (m.a. *Elskovsdrikken, Tosca, Hertuginna av Chicago, Tryllefløyten, Søner av Sola*). Anne er godt kjend i og med Opera Nordfjord, då ho har vore med heilt frå oppstarten i 1998 og i svært mange av produksjonane, anten som designar, eller som tilskjerar og produksjonsleiar. Gotaas er utdanna kjole- og draktsyar og var i fleire år kostymekoordinator for Opera Østfold.

## Stig Aron Kamonen lydteknikar



Stig Aron Kamonen har over 30 års erfaring innan lydproduksjon. Han har gjort utallige turnéar med mange norske artistar rundt omkring i verda. I 2012 flytta han til Høyanger, der han etablerte firmaet OnCue. Stig har i dei seinare åra jobba mykje i Operahuset Nordfjord, også på fleire av Opera Nordfjord sine produksjonar.

## Ine Nord scenemeister/produsent



Ine Nord er oppvaksen på Eid, og har sitt første minne med Opera Nordfjord som storaugd publikumar på oppsettinga av *Flaggermusen* i 1998. Sidan fekk ho vere med i barnekoret på *La Bohème* og *Elskovsdrikken*. Ine vaks opp i skulekorpset og kulturskulen på Eid og har gått vidare med musikkutdanning, der ho har oppnådd ein utøvande mastergrad i klarinett ved Sibaliusakademiet i Finland. Etter endt utdanning har Ine arbeidd innan kulturfeltet som frilans musikar, som festivalsjef og med kursing av musikklærarar i Sør-Afrika, for å nemne noko. Ho har også vore med i orkesteret i nokon av Opera Nordfjord og Eid vidaregåande skule sine musikaloppsettingar. Ine er fast tilsett i Opera Nordfjord som produsent, og pendlar mellom ulike roller innan kulturfeltet i Oslo og jobben på Nordfjordeid.



## Alice Strøm Nilssen inspisient

Alice Strøm Nilssen er frilans inspisient og har jobba for dei fleste distrikts- og regionoperaene i Noreg. Ho har tidlegare vore prosjektleiar i Trondheim Lyd, men jobbar no i Musikalfabrikken ved sidan av frilansaktiviteten. Hennar første besøk hos Opera Nordfjord var i 2009 med *Carmen*, som var den første sceniske operaen i det nyopna Operahuset Nordfjord. Sidan har ho vore tilbake med ujamne mellomrom og har totalt vore med på åtte produksjonar for Opera Nordfjord. Sjølv om ho bur i Trondheim, kjennest Nordfjordeid etter kvart litt som heime.

## Adrian Haustveit Kronstad rekvisitørassistent



Adrian vaks opp i Solund og flytta til Stårheim for å gå på Eid vidaregåande skule. Han har frå tidleg alder hatt ein fascinasjon for alt som har med teater å gjere, og blei med i operagjengen rett etter han flytta til Eid. Han har mellom anna vore med i *Hans og Grete*, *Mannen frå La Mancha* og *Reisa til Julestjerna* mm. I kvardagen lagar han kostyme frå spel, seriar og filmar og fortset det kreative arbeidet både heime og på jobb.



## Andreas Løken Taklo repetitør

Andreas Løken Taklo er ein ettertrakta musikar både som solist, kammermusikar, akkompagnatør og repetitør. Han har hatt solistoppdrag med orkester i Italia og Noreg og hatt solokonsertar i Frankrike, Tyskland og Russland. Andreas har ein mastergrad i utøvande musikk frå Barratt Due musikkinstitutt i Oslo og ein master som operarepetitør frå Noregs musikkhøgskule. Han har vore repetitør for Opera Nordfjord sidan 2017. Han blir jamleg leigd inn som akkompagnatør ved Barratt Due musikkinstitutt og andre institusjonar.



## Ingrid Tykhelle Kayser

Ingrid Tykhelle Kayser frå Eid har medverka i ei rekkje produksjonar for Opera Nordfjord i oppveksten, og gler seg no til å stå på scena i *Soga om Sol*. Ho har ein BA frå Musikkteaterhøyskolen i Oslo (2019-2022), og har vore å sjå på scena i mellom anna *Jersey Boys* (Chateau Neuf), *Annie* (Opera Nordfjord) og *Greta Gris* (Göta Lejon), samt TV-produksjonar for NRK, Netflix og Viaplay. I tillegg har ho vore med på å sette opp ein musikalfestival i Oslo, der fokuset var å tilretteleggje for nyskaping og vidareutvikling av bransjen.

## Eirik Risholm Velle



Eirik kjem frå Ørsta og er skodespelar med utdanning frå Guildford School of Acting i England. Han debuterte med monologen *Ikke forlat meg* på Brageteatret i 2014 til strålande kritikkar, og han har hatt hovudroller ved fleire av dei største institusjonsteatra i landet. Eirik har medverka i fleire film- og TV-seriar, teateroppsettingar, reklamefilmar og musikalar. Han er til dømes å sjå i den populære NRK-serien *Heimebane* og i filmen *Fjols til Fjells*, som hadde kinopremiere i 2020. 6. oktober hadde filmen *SULIS 1907* av Nils Gaup premiere, der Eirik gjer rolla som Narvik-Nils. Eirik har både stått på ski og spelt piano frå han var fem år gammal og er fullstendig fotballidiot.



## Kim Helge Strømmen

Kim Helge frå Ørsta er utdanna skodespelar ved britiske Guildford School of Acting (2010-13). Han har turnert med *Singin' in the Rain* i Storbritannia og Japan, har medverka i mellom anna *Doktor Faustus* (CreationOslo), *Like for like* (Akershus Teater) og *Ein Medtsåmmårnattsdrøm* (Teater Framdrift) og har turnert med Teater Joker. Tidlegare har Kim Helge gjesta Oslo Nye Teater i mellom anna *Riket*, Musikalen *Ingvar!* (ensemblet vart kåra til Årets musikalartist), *Så som i himmelen, Sporvogn til begjær, Hair* og *Musikallab*. Til våren skal han spele Che i musikalen *Evita* på hovudscena.

## Erlend Ona Gjul



Erlend Ona Gjul har farsslekta si frå Eid, og er kjent for mange på Eid frå sogespelet *Elskhug og Eksis,* der han har spelt rolla som Krigskommisær Jon Myklebust sidan byrjinga i 2005. Erlend bur i Holmedal i Askvoll kommune og arbeider som lærar ved Holmedal Montessoriskule. Han er ein ettertrakta songar og skodespelar, som sidan debuten i 1998 i Stavanger konserthus, har spelt på mange av dei største scenene i Noreg. Han har vitja Opera Nordfjord fleire gongar før, mellom anna som Kongen i *Reisa til Julestjerna* og Kaptein Von Trapp i *The Sound of Music.* Andre stader har han spelt hovudroller i mellom anna *Jesus Christ Superstar* - Trøndelag Teater, *Evita* - Rogaland Teater og Chateu Neuf, samt *Byterminalen* - Stavanger 2008. Erlend held jamleg konsertar som solist i tillegg til å produsere og regissere eigne framsyningar. I *Soga om Sol* spelar han rolla som skurken Bob, og vi gler oss til å sjå kor skummel han kan bli.



## Eivind Kandal

Eivind kjem frå Kandal i Nordfjord. Han avslutta si utdanning ved operaakademiet i København våren 2017, men debuterte som operasongar allereie i 2012 i operaen *Querini* på øya Røst i Lofoten. Han debuterte på Det Kongelige Teater i København som Gastone i *La Traviata* i 2015, og sesongen 17/18 var han solistpraktikant ved Den Norske Opera & Ballett. I 2017 debuterte han på Opera Nordfjord som Håkon i *Sildagapet,* og i 2018 hoppa han inn på kort varsel som Rodolfo i *La Bohème.* Han spelte rolla som barberen i Opera Nordfjord si oppsetting *Mannen frå La Mancha* i 2020, i 2021 var han på scena i *Jorden rundt på 80 dager* i fleire roller, og i fjor gjorde han rolla som Gastone for Opera Nordfjord i *La Traviata.* Eivind har vore solist i ei lang rekkje kyrkjemusikalske verk og samtidsverk, både internasjonalt og heime i Noreg. I tillegg har han vore med på å produsere og framføre ei rekkje framsyningar og konsertar, som har turnert rundt på både Austlandet, Vestlandet og i Nord-Noreg. Eivind og sambuaren Torstein Kollevåg driv Sølvane Gard i Kandal, der dei arrangerer operakonsertar og ei mengd andre kulturelle arrangement.

## Simon Standal Pavelich



Simon har vore aktiv i opera- og teatermiljøet på Eid og elles i fylket med hovudroller i *Grease, Rent, Fame,* og fleire roller i Opera Nordfjord sine produksjonar, mellom anna *Norge - Brasil, ein opera, Jorda Rundt på 80 Dager, Reisa til Julestjerna, Annie,* og i *Mannen frå La Mancha* spelte han rolla som eseldrivaren Pedro både på Eid og i Operaen i Oslo. I 2015 spelte han rolla som Anton i krigsdramaet *Staveneset.Krig* i regi av Jeff Pedersen Productions. Han har tidlegare studert teater ved Rose Bruford College i London og musikkteater ved ICTheatre i Brighton, England. I 2021 regisserte han *My Whisper to You,* hans første dramatiske kortfilm som han også skreiv, redigerte og spelte i. Filmen er blitt sendt til festivalar i USA, Canada, Frankrike, England og Noreg.



## Runa Bergem

Runa Bergem frå Volda er utdanna musikalartist ved Institute for Contemporary Theatre i Brighton. Lidenskapen for å stå på scena byrja då ho tok sin første dansetime ved Ørsta/Volda Ballettskule som seksåring. Vidare gjekk ho musikklinja ved Volda vidaregåande skule, der ho var med på ei rekkje musikalar og konsertar. Gjennom åra har ho vore med på fleire oppsetjingar ved Opera Nordfjord og dansa ved fleire anledningar både i Noreg og England. Ho har nyleg spelt rolla som Raude Mel / Tomas Gard i *Spelet om Søstrene Mel og Sjøormen.*

# 25 år med Opera Nordfjord

Eigenproduksjonar frå 1998 til 2023

| | Vinter/vår | Sommar | Haust | November/desember |
|---|---|---|---|---|
| 1998 | | | **Flaggermusen x 4**<br>Regi: Ronald Rørvik<br>Musikalsk leiing: Kjell Seim | |
| 1999 | | | **La Traviata x 6**<br>Regi: Lorna Haywood<br>Musikalsk leiing: Alf Årdal | |
| 2000 | Frå dette året tek Michael Pavelich over som musikalsk leiar for alle produksjonar | | **La Bohème x 8**<br>Regi: Jay Lesenger | |
| 2001 | | | **Elskovsdrikken x 8**<br>Regi: Ronald Rørvik | |
| 2002 | **Operagallaturné x 3**<br>Operakor + musikklinjekoret frå Firda vgs.<br>*Nordfjordeid, Florø, Førde* | | **Figaros Bryllup x 8**<br>Regi: Jay Lesenger | |
| 2003 | **Operagallaturné x 3**<br>*Nordfjordeid, Loen, Førde* | | **Tosca x 8**<br>Regi: Ronald Rørvik | |
| 2004 | | | **Den Glade Enke x 8**<br>Regi: Anderz Døving | |
| 2005 | **Operagallaturné x 3**<br>Operakoret, Ålesund Operakor, Eid Mannskor. *Nordfjordeid, Førde, Ålesund* | | **Rigoletto x 8**<br>Regi: Toralv Maurstad | |
| 2006 | | **Nordfjord International Opera Workshop**<br>Elizabeth Norberg-Schulz<br>Dante Mazzola. *3 konsertar* | **Eugene Onegin x 8**<br>Regi: Jay Lesenger | |
| 2007 | **Operagallaturné x 3**<br>*Nordfjordeid, Sogndal, Førde* | **Nordfjord International Opera Workshop**<br>Elizabeth Norberg-Schulz<br>Sergio Oliva. *3 konsertar* | **Jegerbruden x 8**<br>Regi: Jiri Nagy | |
| 2008 | | **Nordfjord International Opera Workshop**<br>Elizabeth Norberg-Schulz<br>Sergio Oliva. *3 konsertar* | **Hertuginna av Chicago x 8**<br>Regi: Knut Jørgen Moe | |
| 2009 | **Urpremiere Tyrfing x 2**<br>Johannes Haarklou<br>*Nordfjordeid* | **Nordfjord International Opera Workshop**<br>Elizabeth Norberg-Schulz<br>Sergio Oliva. *2 konsertar* | **Carmen x 8**<br>Regi: John La Bouchardière | |
| 2010 | **Verdis Requiem**<br>Ålesund Operakor, Musikklinjekoret ved Firda vgs., operakoret<br>*Nordfjordeid, Sandane, Førde* | | **Urpremiere; Norge-Brasil, ein opera x 10**<br>av Are Kalvø og Helge Førde<br>Regi: Svein Sturla Hungnes | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 2011 | **West Side Story x 3**<br>m/ Eid vgs<br>Regi/musikalsk leiing: Michael Pavelich | | **Tryllefløyten x 10**<br>Regi: Ronald Rørvik | |
| 2012 | **Strauss- og Wagner-aften x 3**<br>*Nordfjordeid, Sogndal, Førde* | | **Madama Butterfly x 10**<br>Regi/Musikalsk leiing: Michael Pavelich | |
| 2013 | **Tryllefløyten x 3**<br>*Gjestespel i Bjørvika, Scene 2* | **Messias x 3**<br>Samarbeid med Firda vgs<br>*Nordfjordeid, Sandane, Førde* | **Flaggermusen x 10**<br>Regi: Ronald Rørvik<br><br>**Nøtteknekkaren x 3**<br>Samarbeid med Eid Kulturskule<br>Koreografi: Candice Bredesen | |
| 2014 | **Turandot semi-konsertant x 3**<br>Regi: Ronald Rørvik<br>*Nordfjordeid, Førde, Ulsteinvik* | | **Søner av sola (I Puritani) x 8** | |
| 2015 | **Beethovens 9. symfoni x 3**<br>Firda vgs Musikklinjekoret<br>*Nordfjordeid, Sandane, Førde* | | **Maskeballet x 8**<br>Samarbeid med<br>Den Norske Opera & Ballett<br>Regi: Ronald Rørvik | **The Sound of Music x 4**<br>Regi/musikalsk leiing: Michael Pavelich |
| 2016 | **Opera i kyrkja x 6**<br>*Nordfjordeid, Sogndal, Naustdal, Volda, Molde, Ålesund* | | **Hoffmanns Eventyr x 6**<br>Regi: Ronald Rørvik | **Du er god, du, Charlie Brown x 3**<br>Regi/musikalsk leiing: Michael Pavelich |
| 2017 | **Messa di Gloria, Puccini x 3**<br>*Nordfjordeid, Sandane, Førde* | | **Urpremiere; Sildagapet x 8**<br>Regi: Ronald Rørvik<br>Musikalsk leiing: Michael Pavelich | |
| 2018 | **Score x 3**<br>Dataspelmusikk<br>*Nordfjordeid, Sogndal, Førde* | | **La Bohème x 8**<br>Regi: Mia Bartov | **Annie x 4**<br>Regi/musikalsk leiing: Michael Pavelich |
| 2019 | **Fargespel x 3**<br>Samarbeid med 7 kommunar | | **Hans og Grete x 8**<br>Regi: Jeff Pedersen | **Den Store Julekonserten x 2**<br>Kor, solistar, orkester |
| 2020 | **Korona-avlysing av SAGAS**<br>Utsett til 2021 | | **Mannen frå La Mancha x 8**<br>Regi: Aksel-Otto Bull | **Reisa til Julestjerna x 6**<br>Regi: Michael Pavelich |
| 2021 | **Utsetjing av SAGAS**<br>Var allereie utsett frå 2020, men utsett igjen til november 2021 grunna korona | **Sommarskulen**<br>Gratis musikkteaterskule for born og unge 10-16 år | **Jorden rundt på 80 dager x 8** | **Nov: SAGAS x 3**<br>Filmmusikk/Spelmusikk<br>Samarbeid med Firda vgs<br>Sandane, Førde, Nordfjordeid<br>**Des: Den Store Julekonserten x 2**<br>Kor, solistar, orkester |
| 2022 | **Operagallaturné x 3**<br>*Nordfjordeid* | **Sommarskulen**<br>Gratis musikkteaterskule for born og unge 10-16 år | **La Traviata x 8**<br>Regi: Arne Fagerholt | |
| 2023 | **Verdis Requiem**<br>I samarbeid med Firda vgs og Volda vgs<br>*Nordfjordeid, Ulsteinvik, Førde* | **Sommarskulen**<br>Gratis musikkteaterskule for born og unge 10-16 år | **Soga om Sol x 8**<br>Regi: Michael Pavelich<br><br>**Musikkteaterskule** | **Snøsystera x 4**<br>Noregspremiere i samarbeid med Malmö Opera |

## Sunniva Honningsvåg

Sunniva kjem frå Eid og tok bachelor-utdanning i Musikkteater i Brighton, England, saman med fleire av aktørane i *Soga om Sol*. Sunniva har vore aktiv i lokalmiljøet sidan ho var lita og har deltatt på Opera Nordfjord si scene i mellom anna operaen *Carmen,* der ho spelte vesle Michaela, og i fleire skulemusikalar ved Eid vidaregåande skule, som *Sweeney Todd* og *Fiddler on The Roof*. Ho var òg med som ensemblesongar ved noregspremiera av *Jorda rundt på 80 dager*. Sunniva har tidlegare også vore aktiv med bandet *Indigo Child,* og har gjennom åra opptredd rundt om i Noreg, deriblant i Oslo Spektrum, saman med bandet. Sunniva er framleis busett i Brighton, der fokuset er å utvikle karrieren vidare. Likevel gler ho seg til å kunne vere på Opera Nordfjord si scene igjen i år som Odditoriumets Unzi, Bondejenta Laila og andre småroller.





## Håkon Bøen

Håkon tok sine første steg inn i musikalverda i skulemusikaloppsettingane ved Eid vidaregåande skule. I 2018 var han ein av fleire frå Stad kommune som kom inn på ICTheatre - Institute for Contemporary Theatre i Brighton, og vart uteksaminert med bachelor i scenekunst våren 2021. I eksamensproduksjonen spelte han hovudrolla som Piloten i Nicholas Lloyd Webbers musikalversjon av forteljinga om *The Little Prince*. I 2020 fekk han Ungdommens Kulturpris for sitt engasjement og entusiasme innan faget. Håkon returnerer til Opera Nordfjord for tredje året på rad!

## Martha Standal Pavelich

Martha Pavelich frå Eid er utdanna musikalartist med bachelorgrad frå Institute for Contemporary Theatre i Brighton, England. Ho har praktisk talt vakse opp i takt med Opera Nordfjord - og har i mange år delteke i ulike produksjonar, som *Carmen, Madama Butterfly, Flaggermusen, Søner av Sola, Maskeballet, Sildagapet, La Traviata* og *The Sound of Music*. Her har Martha vore både korist og dansar, og i operaen *Sildagapet* spelte ho hovudrolla Inga. Martha har også spelt i Oslo Spektrum og på Malakoff Rockfestival med bandet *Indigo Child* i 2016. Opera Nordfjord har ein spesiell plass i hjartet hennar, og ho gler seg til å delta som profesjonell utøvar på den lokale operascena.





## Torunn Lødemel Stokkeland

Torunn Lødemel Stokkeland kjem frå Hornindal og jobbar som frilans skodespelar, regissør og manusforfattar. Ho er nett ferdig med sitt eige spel *Søstrene Mel og Sjøormen*, som hadde urpremiere i Hornindal i september i år. Torunn var sist å sjå på Opera Nordfjord som Miss Hannigan i musikalen *Annie*.



## Endre Aaberge Dahl

Endre er tenor og kjem frå Sogndal. Han har bachelor i klassisk song frå NTNU institutt for musikk i Trondheim, og master i opera frå Kunsthøgskulen i Oslo, samt Scuola di musica di Fiesole i Firenze. Sesongen 22/23 har han mellom anna sunge rolla som Uriah i *David and Bathsheba* av Ståle Kleiberg med Trondheim symfoniorkester og opera, Reinert i *Heksehammeren* av Ragnar Rasmussen med Trondheim symfoniske operakor, og Elskaren i *Amelia går på ball* av Gian Carlo Menotti med Moderna operan i Eskilstuna i Sverige. Med Opera Nordfjord medverka han som korist på *Puccinifest* i 2017.

## Thea Bjørhovde Mavropoulou

Thea Bjørhovde Mavropoulou frå Eid er utdanna dansekunstnar ved Norges Dansehøyskole med ein bachelor i moderne- og samtidsdans med pedagogikk, samt ei vidareutdanning og ein master i spesialpedagogikk ved Universitetet i Oslo. Hennar entusiasme for dans byrja i ung alder gjennom fleire av Opera Nordfjord sine tidlegare produksjonar og gjennom Stad kulturskule, der ho no er tilsett som dansepedagog.





## Sol Alme Brendefur

Sol kjem frå Hornindal, der ho bur på gard på Brendefur med familien sin. Ho er aktiv innan musikk og teater, tek songtimar med Michael Pavelich og er elles med på alt ho kan rekke å vere med på, mellom anna spelet *Sjøormen og Søstrene Mel* i Hornindal. Sol går i 3. klasse ved Eid vidaregåande skule og håpar å kunne fortsette skodespelardraumen i Oslo neste år. Ho har vore med på fleire oppsettingar for Opera Nordfjord; i 2018 hadde ho hovudrolla i *Annie*, og i 2020 gjorde ho rolla som Sonja i *Reisa til Julestjerna*.

## Ane Fitje Woxen

Ane er frå Sandane og går 1. året på musikklinja på Firda vidaregåande skule. Ho dansar, spelar piano, har sunge i Gloppen kulturskule og har teke songtimar hos Michael Pavelich sidan 2019. Ho har vore med i Opera Nordfjord sine produksjonar sidan 2017 – i barnekoret på *Sildagapet* (2017), *La Bohème* (2018) og *Hans og Grete* (2019), i rolla som Tessie i oppsetjinga av *Annie* (2018), og i vaksenkoret på *La Traviata* (2022). Ho har også vore ein del av operakoret ved julekonsertane til Opera Nordfjord, samt *Sagas* (2021) og Verdis *Requiem* (2023). I 2020 spelte ho hovudrolla som Annie i Teater Vestland si oppsetjing av *Annie jr.* Ane har også gjort dubberoller i fleire NRK Super-seriar.





## Ole Morten Vik

Ole Morten såg dagens lys på Nordfjord sjukehus 27. januar 1981 og har vakse opp og er busett i Stryn. Med ein far med røter frå Raudi i Lodalen og Brendefur i Hornindal, og mor frå Kjølsdalen med røter frå Stårheim, er han ein vaskeekte nordfjording. Ole Morten er utdanna karosserimakar og tungbilmekanikar og arbeider som teknisk leiar for Vest Service AS i Stryn. Han har sambuar og to gutar på 7 og 11 år. På fritida er han aktiv i Røde kors, speidarleiar og turninstruktør. Han syng i kor - Lostrupane og Nordfjord-gutane/ Nye Stryn mannskor. Ole Morten har alltid likt å synge og opptre, og har delteke i amatørteater og musikalar i Stryn, mellom anna musikalen *Ull innerst i sjela* i Innvik Ullvarefabrikk.

## Rønnaug Torheim

Rønnaug bur i Hundvik og er til dagleg småbrukar og kokk. Den første operaen ho var med på, var *Carmen* i 2009, og sidan har ho vore mykje å sjå på scena hjå Opera Nordfjord. Ho har vore med i *Madama Butterfly, Norge-Brasil – ein opera* og *Tryllefløyten*, der ho også var med på gjestespelet i Bjørvika, og *Søner av Sola*. Ho har òg vore med på turné med Verdis *Requiem* og *Bethovens 9. symfoni* og deltok både i *The Sound of Music, Sildagapet* og *Mannen frå La Mancha*.





## Trond Haavik

Trond Haavik frå Eid er i det daglege ein av partnarane i bedriftsutviklingsselskapet Segel AS. På fritida er han mellom anna med i Eid Mannskor og har elles medverka i ulike lokale revyar. Han har også to gongar vore med i tidlegare oppsettingar i regi av Opera Nordfjord. I 2000 medverka han som hovmeister i *La Bohème,* og i 2004 spelte han rolla som Njegus i *Den glade enke*.

## Jon Sverre Arnestad

Jon Sverre kjem opprinneleg frå Gloppen, men bur på Eid. Han har vore musikkinteressert heilt frå han kunne nå opp til pianotangentane. Frå seks års alder starta han pianoundervisning, og i ungdomsåra fekk han opplæring på saksofon. Han var ivrig korpsmusikant fram til vaksen alder. Seinare har Jon Sverre vore medlem i ulike amatørstorband - Sogn og Fjordane storband, Hammerfest storband, Trondheim ballroom ensemble og Fana storband. Sidan 2017 har han vore del av operakoret i Opera Nordfjord, i tillegg medlem i Eid Mannskor. Til dagleg arbeider han som lege ved Nordfjord Sjukehus.



## Håvard Furnes



Håvard er sunnmøring og busett på Nordfjordeid. Han er utdanna tømrar og fagskuleingenør innanfor bygg. Håvard har vore med på dei fleste oppsettingane til Opera Nordjord dei siste åra, mellom anna *Annie, Mannen frå La Mancha* og *Jorda rundt på 80 dagar.* I tillegg til opptredenar på operascena, har han òg hatt roller i musikkspela *Elskhug og Eksis* på Nordfjordeid og *Ull innerst i sjela* i Innvik. I haust var han også med på den musikalske komedien *Søstrene Mel og Sjøormen* i Hornindal.



## Maja Kvalsvik Haugen

Maja Kvalsvik Haugen kjem frå Sandane. Ho går i 2. klasse på Firda vidaregåande skule. Maja har vore med på fleire oppsettingar av Opera Nordfjord. Ho hadde rolla som Kate i musikalen *Annie* (2018), var med på operaen *Hans og Grete* (2019) og på *Reisa til Julestjerna* (2020). Ho har spelt i *Elskhug og Eksis* og har vore med på mange arrangement arrangert av Gloppen kulturskule, der ho har vore elev sidan ho gjekk i 2. klasse, og har hatt timar både i dans, fløyte og sang. I tillegg ho har hatt songtimar med Michael Pavelich.

## Henrik Bjørlo



Henrik er ein av dei yngste aktørane i årets musikal *Soga om Sol*. Henrik har vakse opp med musikk og går både på piano- og songtimar ved Stad kulturskule. Henrik er oppvaksen på Eid og har siste åra deltatt i blant anna *The Soundtrack of Your Life* under Malakoff Rockfestival og i Operahuset, og 10.klasse sin skulemusikal *Usagt*, der han spelte rolla Jens. Det var under desse produksjonane kjærleiken for musikk, dans og drama blomstra vidare og inspirerte han til å delta i årets produksjon. Han går første året på elektro på Eid vidaregåande skule og drøymer om å ta utdanning innan musikk og teater. Henrik spelar fleire roller i *Soga om Sol*, mellom anna kyrkjetenar, Impressario, selgar og tysk soldat.



## Truls Bakke Flåm

Truls kjem frå Hornindal/Volda og har vore glad i musikk og song heile livet. I 2016 hadde han tittelrolla i *Du er god, du, Charlie Brown* på Opera Nordfjord, og det var ei stor oppleving. Elles spelar han fleire instrument og likar veldig godt å syngje. Truls har delteke på UKM fleire gongar og har vore så heldig å få vere med på fleire fylkesmønstringar. Sidan 2016 har han dubba barne-TV, ein kjekk jobb der han får vere skodespelar. Truls er særleg glad i musikalar og er stor fan av Queen. Han går i 3. klasse på musikklinja i Volda og elskar det. Spesielt kjekt er det med den årlege musikalen dei har på skulen, og det var òg ei oppleving å vere med på Verdis *Requiem* med Opera Nordfjord i vår. Når Truls ikkje driv med musikk, spelar han fotball og volleyball i Volda.

## Agnes Kayser-Husbyn



Agnes er 10 år og går i 5.klasse ved Sandane skule. På fritida likar Agnes å synge, danse og spele skodespel. Ho spelar også piano, fotball og handball. Det vert ekstra stas å få vere med i *Soga om Sol* saman med tante Ingrid, som gjer hovudrolla som Sol.

Operautstilling 2023

**med operakunstnar H.M. Dronning Sonja**

Opningstider:

4. oktober: kl. 14.30 - 15.30

5., 6. og 7. oktober: kl. 12.00 - 15.00

8. oktober: kl. 11.00 - 13.30

11., 12., 13. og 14. oktober: kl. 12.00 - 15.00

15. oktober: kl. 11.00 - 13.30

Kulturhuset Gamlebanken

Eidsgata 10,
6770 Nordfjordeid
Tlf. 952 65 842



# Orkester

**1. fiolin**
**Ai-Ling Chiu (konsertmeister)**
Miriam Bergset
Oddhild Nyberg
Henri Eftevand

**2. fiolin**
Iain Gibbs
Otto Ose
Kari Standal Pavelich

**Bratsj**
Agnes Elizabeth Pavelich
Heidi Johnstad Arnesen

**Cello**
Inga Grytås Byrkjeland
Henrik Silfverhielm

**Kontrabass**
Steinar Haugerud

**Fløyte**
Helga Lied Wyrtz

**Obo**
Milan Adamovic

**Klarinett**
Aksel Hovdar

**Altsaksofon**
Roger Andreas Holme

**Fagott**
Ingrid Åhlander Bennett

**Horn**
Anita Andersson

**Trompet**
Per Håkon Sandnes Oftedal
Julia Gåsvær

**Trombone**
Leif Aslaksrud

**Piano**
Andreas Løken Taklo

**Harpe**
Ellen Sejersted Bødtker

**Pauker/slagverk**
Thomas Aanonlie
Andreas Bergset

Følg oss på Facebook og Instagram!

**operanordfjord**

22. OKTOBER 2023

Redd Barna

TV-AKSJONEN NRK

OPERA NORDFJORD

## innbyr til konsert i Eid Kyrkje

Torsdag 12. oktober kl. 19.00 til inntekt for årets TV-Aksjon.

Solistar og musikarar frå *Soga om Sol* deltek.

Fri inngang – kollekt.

# Organisasjon

### Styret i Opera Nordfjord
Randi Nyhammer-Taklo, styreleiar
Solfrid Bjørkum, nestleiar
Sonja Edvardsen
Roy Aron Myklebust
Grete Berntzen

### Vara
Geir Solvåg
Anndi Daleske Bergset

### Dugnadsgruppeleiarar
Anne Regine Sønderland, kostyme
Unn Henden, påkledarar
Per Bøen, parkering/uteområde
Operaens Venner
v/ Randi Nyhammer-Taklo,
servering/vakt

### Styret i Operaens Venner
Randi Nyhammer-Taklo, leiar
Arve Espe, nestleiar
Maria Jansen, kasserar
Aud Espe Haraldsen, styremedlem
Eli Karin Bergheim, styremedlem

### Vara
Marie Espelund
Truls Songstad

### Administrasjon
Operasjef: Kari Standal Pavelich
Kunstnarisk leiar: Michael Pavelich
Produsent: Ine Nord
Økonomisjef: Ranveig Årskog
Verkstadansvarleg: Anndi Daleske Bergset
Grafisk produksjon: Veir AS
Årets plakatdesign: Simon Standal Pavelich

# Dugnadsoversikt

### Kostyme
**Anne Sønderland (leiar)**
Anne-Britt Totland
Anne Marie Seljeseth
Asbjørg Bjørkedal
Aud Fonn
Birgit Baafjord
Inger Johanne Henden
Inger Lise Strand
Inger Marie Osmundsvåg
Inger Øyre
Ingrid Hageberg Bjørnereim
Janna Muller-Planting
Laila Utnes-Piel
Lina Oos
Ragnhild Fænn Totland
Reidunn Solheim
Siv Emdal
Solveig Nordbø
Synnøve Oddny Torheim
Unn Henden
Åse Holsvik

### Påkledarar
**Unn Henden (leiar)**
Liv Bjørlo
Mariann Bergset Kongsvoll
Selena Sekse

### Parkering
**Per Bøen (leiar)**
Arild Hjelmeland
Hans Petter Vereide
Helge Haugland
Nils Rune Nesbakk
Svein Erik Sørland

### Servering/vertskap
**Randi Nyhammer-Taklo (leiar)**
Agnar Kragseth
Anne Jorun Hestenes
Anne Karin Rand
Aud Haraldsen
Berit Engeland
Christine Haavik
Eli Karin Bergheim
Elin Paulsen
Else Lillestøl
Gerd Fløde Bjørlo
Inger Helen Haavik
Kari Bergheim
Karoline L Kjerpeset
Kristbjørg Sandvik
Maria Jansen
Martha Kjøllesdal
Monja Sølvberg
Oddrun Rye
Ragni Marie Rasmussen
Randi Nyhammer-Taklo
Reidun Vambeset
Roald Hanssen
Siri Sandvik
Sissel Nilsen
Stein Åke Berteig
Terese Balsnes
Tore Nyhammer-Taklo
Torild Fjørtoft
Toril Espelund
Turid Sørland
Tuva Nyhammer-Taklo

### Kulissar
Albert Jan Muller
Anders Nordbø
Anton Mladshuk
Hilde Heggen Haugland
Jørgen Bergset
Oddleiv Hauge
Ottar Øien
Per Oos
Pål Tore Jacobsen
Steinar Daviknes
Webjørn Moa

### Hår/sminke
Agnes Elizabeth Pavelich
Marilyn Osmundsvåg
Qusai Alhalawany

### Transport
Terje Heggen

**HJARTELEG TAKK TIL ALLE VÅRE FANTASTISKE FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR!**

## Ein særskild takk til elevar og lærarar ved Eid vidaregåande skule for det gode samarbeidet

**Lærarar**

Bjarne Eriksen
Geir Hjelle
Inger Marie Osmundsvåg
Mari-Janne Henden
Marilyn Osmundsvåg
Morten Bjørhovde
Sigrun H. Leivdal

**Vg2 Frisør (2FRIA)**

Camilla Kupen
Daniella Røed
Ingebjørg Skjeldestad
Julie Madelen Svoren
Kjersti Fløtre Reed
Mina Nathalie Eldstad
Sofia Alesandra Seljeset Leoni
Sukanya Puangjan

**Følgjespot:**

Gjertrud Gjerdevik
vg1 elektro og datateknologi

Gøran Torheim
vg1 elektro og datateknologi

Håkon Haugland
vg1 elektro og datateknologi

Ingrid Sofie Bakke
vg1 frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign

Klementina Lukosiunaite
vg1 frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign

Leah Kormeseth
vg1 frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign

**Vg2 Industriteknologi (TIPPIN2)**

Adrian Gustavsen Denk
Alexander Izmailov
André Sande
Eirik Fraas Johnsen
Fredrik Vervik Navelsaker
Håkon Sørpoll Bjartland
Jekabs Toms Freimanis
Joakim-Andre Jensen Langø
Rawan Samer Bou Saed
Simen Aleksander Røkås
Theodor Sparvath
Ådne Høgalmen Tenden

**Vg2 Interiør og eksponeringsdesign (FDIED2)**

Ailin Darin Lamkrathok Kvalheim
Caroline Lovise Melstvedt
Leah Viktoria Midtvik Solvag
Margrete Lote
Rikke Meland Simonsson
Sunniva Dyrvik
Tiril Myklebust Gjelsvik




Operaens Venner er ein veldedig medlemsorganisasjon som jobbar for å støtte opp om og skape engasjement og entusiasme for Opera Nordfjord.

Vil du bli ein av oss? E-post: taklorandi@hotmail.com eller tlf. 412 47 888

OPERAENS VENNER


200
Gjennom 200 år har vi stått saman for å gjere livet i vest enda litt betre.
Takk for at du er kunde i Sparebanken Vest!
SparebankenVest
Foto: Getty Images

SPONSOR IV

SFE

Eid Motor AS
ØYANE - 6770 NORDFJORDEID
Tlf. 57 86 01 19 - 995 24 080

FRISLID
AMFI NORDFJORD

accountor™
Gloppen
Måløy
Eid

segel

ERVIK
Havfiske

NORDFJORD
HOTELL

ALTI NORDFJORD

SPONSOR IV

WEST MEKAN

MALKO AS

ANNONSØRAR

Caverion

Eid Elektro

www.eidelektro.no

ANNONSØRAR

Fjordabladet

REMA 1000
NORDFJORDEID

FJT

Bakehuset
Bakehuset
Lokale tradisjoner

Chalet sport

sport 1
ekte sport

China Restaurant Chen
China
Restaurant
Chen
Almenningen 1
Tlf: 57 86 25 99

Klokker
Smykker
M.JOHNSEN'S
EFTF
Gåver
Musikk
1885
Man-Fre: 09.00 z 16.30
Lør: 10.00 - 15.00

Didriks
Kafé
Man-Fre: 08.30 - 18.00
Lør: 08.30 - 16.00

nordplan
Nordplan AS
tlf. 57 88 55 00
www.nordplan.no
Plan og infrastruktur
Arkitektur og landskap
Konstruksjon og byggeteknikk
Energi og miljø
Prosjektadministrasjon
Nordfjordeid
Førde
Ørsta / Volda
Stryn
Vågåmo
Ålesund
Måløy
Bergen

EXTRA
EXTRA STORT UTVALG TIL EXTRA LAVE PRISER

ORIS DENTAL
Vi kan tenner. La oss ta vare på dine

Interflora
Hildenes Gartneri as

OPERAHUSET
NORDFJORD

Reklameservice®
etablert 1985

ANNONSØRAR


Cats Café
Restaurant & Pizzeria
Eidsgata 45
453 99 360 / 578 60 080

interoptik Sæbø
Eidsgt. 1, tlf.: 57 86 11 54, Nordfjordeid

minibakeriet

Sansa Frisør

norli

SUNDEHJØRNET

Eid Miljø
Gåver - Garn - Interiør

Primula Design
GÅVER - LAPPETEKNIKK - HOBBY

EUROSKO

en rød tråd

AL-COM A.S.
Eidsgata 43 • 6770 NORDFJORDEID
Tlf. 57 86 37 70 • post@al-com.no

MAGNIFIKK

NORDFJORD OPTIKK

aske
GATEMAT & BRYGGERI

Jannes
HÅRVERKSTED

cut
HÅR OG VELVÆRE

NORD FRISØRSALONG

nordfjordklinikk1

Bankkjellaren
BAR & GJESTESTOVE

F!N
frisør og hudpleie

KREFTFORENINGEN
BRYSTKREFTFORENINGEN
Opera Nordfjord støttar Rosa Sløyfe-aksjonen 2023
www.rosasloyfe.no


TAKK TIL VÅRE OFFENTLEGE BIDRAGSYTARAR FOR STØTTE I MANGE GODE ÅR

KULTURDEPARTEMENTET

Vestland fylkeskommune

Stad kommune







## Veke 40 og 41 i 2024 – Premiere onsdag 2. oktober 2024

Regi: Ronald Rørvik – Scenografi: Plamena Dicheva - Kostyme: Anne Gotaas – Lys: Ovar Holmen
Maske: Maren Togstad – Regiassistent: Toni Herlofson

**I hovudrollene:**
Figaro: Magnus Dorholt Kjeldal Susanna: Vibeke Kristensen Greven: Espen Langvik
Grevinna: Lydia Hoen Tjore Cherubino: Maia Reppe Marcellina: Siv Oda Hagerupsen
Bartolo: Trond Gudevold Basilio: Jan Erik Fillan Curzio: Eivind Kandal
Antonio: Gunnar Andor Nieland Barbarina: Louise Engeseth



OPERA NORDFJORD 25 ÅR
1998–2023

operanordfjord.no

/operanordfjord